

Rotur med historisk sus for Knarvik-presten

Då soknepresten i Knarvik fekk tilbod om å vera med på Sunnivaseglasen frå Lygra til Bergen, trong han ikkje tenka lenge.

Publisert: I dag 17:17



Sokneprest Geir Øy i Knarvik kyrkje angrar ikkje på at han blei med på Sunnivaseglasen. Her etter ein kopp kaffi og ei bolle på Hamre, som var siste stopp før Bergen. **Foto: Ronny Bertelsen**

Av **Ronny Bertelsen**

annonse

Reisa for å markera St. Sunniva starta 28. august på Selja, der Sunniva kom i land saman med nokre av folka sine. Sunniva skal ha vore ei kongsdotter frå Irland som nekta å bli truga til ekteskap, og ho reiste frå Irland med folka sine i tre skip utan segl, ror eller årer.

Skipa kom til slutt til vestkysten av Norge, og medan somme gjekk i land på Kinn, gjekk Sunniva og dei fleste andre i land på øya Selja ytst i Nordfjord.

Her måtte dei røma då kongen sendte folk for å drepa dei fordi han trudde dei var krigarar. Under flukta gøymde dei seg i ei hole som blei lukka att av eit ras med store steinar.

Skytshelgen for Bergen

bygd ei kyrkje på staden.

I år 1170 blei leivningane av den heilage Sunniva frakta i eit skrin frå Selja til Bergen då bispesetet for Vestlandet blei flytta frå Selja til Bergen. Leivningane etter Sunniva tok dei med seg.



Båten med det symbolske skrinet med leivningane etter helgenen Sunniva kom fredag litt før klokka 15.30 til Hamre. Den båten gjekk for motorkraft, men med på turen frå Selja var også tre robåtar. **Foto: Ronny Bertelsen**



Eit flott syn, med Hamre kyrkje i bakgrunnen og dei tre staselege båten som er i ferd med å klappa til kai. **Foto: Kjell Magnus Økland/Kystkultur.no**

Og det er akkurat denne reisa som no blir tatt på nytt att, 850 år etter at Sunniva kom til Bergen, byen ho blei skytshegen for. Vegen dei segla er også den gamle pilegrimsleia langs kysten.

Kaffi- og bollestopp

På reisa sørover hadde ein av båtane ein kopi av skrinet ombord, samt at denne båten hadde følge av tre robåtar, samt ein seglbåt. Dei segla den same leia frå Selja til Bergen, der dei var framme fredag, etter ein kort stopp på Hamre.



Med på turen var også fire jenter som er medlem i tre ulike trusretningar, den lutherske, den ortodokse og den katolske. **Foto: Ronny Bertelsen**

På Hamre blei det stort sett berre tid til ein kopp kaffi og eit par bollar før turen gjekk vidare til Bergen, der det duka for eit velfyllt kulturprogram.

Skein opp på Hamre

Med på turen frå Lygra til Bergen var sokneprest i Knarvik kyrkje, Geir Øy. Han angrar ikkje på at han blei med, trass svært varierende vêr.

– Ein flott seglas gjennom Alverstraumen og vidare mot Bergen. Det var ikkje meldt særleg bra vêr, men vi fekk ikkje så mykje regn på oss. Nei, eg må seia at dette har vore ei oppleving å vera med på. Både den flotte roturen og ikkje minst det historiske rundt Sunniva, seier Øy.



Båten med det staselege skrinet like før det kjem til kai. Foto: Ronny Bertelsen

– Kvifor valde du å bli med på seglasen?

– Eg fekk ein telefon frå folka bak seglasen med spørsmål om eg ville vera med å bidra med å få dei tre robåtane sørover frå Lygra. Det siste seg at den eine av dei tre båtane er brukt som kyrkjebåt i Hardanger frå 125 år tilbake. Så vi tok litt opp at den gamle tradisjonen med å ro til kyrkja. Det blei eit skikkeleg historisk sus over dette, seier Øy.

Publisert: 8. september 2020 17:17


Mest lest akkurat nå



Koronaviruset påvist i Gulen



Lokalpolitikar blir vikar på Stortinget



Har sendt ut kokevarsel



– Har alt fjerna 34 årsverk i administrasjonen



Slik har korona påverka snøggbåten

Om lesarar føler at Strilen har begått overtramp, ber vi dei kontakte redaktør Eirik Langeland Fjeld.


Personvernpolicy og informasjonskapsler (cookies)

TIPS REDAKSJONEN: 97 15 10 20
SENTRALBORD: 56 24 30 30
Redaksjonen: redaksjonen@strilen.no
Annonser: annonse@strilen.no
Abonnement: avisa@strilen.no

SS 14 tsuaistø

Ikkje fått avisa?
Send epost til avisa@strilen.no eller ring Strilen på 56 34 30 30 måndag-fredag kl 08.00-16.00. Laurdag: send SMS eller ring 97 15 10 20

Fakturaadresse:
Strilen, Pb. 8956, 7439 Trondheim, org.nr: 950 231 998
mail (pdf): invoice.8957@kollektor.no



Beklager, det har skjedd en feil.

LUKK

Flere artikler



NYHEITER

– Her skal eldre kryssa med rullator

NYHEITER

Store problem i fredagsrushet

NYHEITER

Var du «på byn» sist helg? Då bør du kanskje lese dette

NYHEITER

– Ventar litt på at det skal stenge ned igjen

NYHEITER

Ministeren kom på bollebesøk

NYHEITER

– Du stel ikkje korset på ein bårebil

annonse

Knarvik kyrkje

Bergen

Kinn

Knarvik